

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenum.	9.	Fylke:	Sogn og Fj.
Tilleggspørsmål nr.		Herad:	Vik.
Emne:	Lauving.	Bygdelag:	Vik
Oppskr. av:	Tor Hovland.	Gard:	Sæbø m fl.
(adresse):	Vik i Sogn.	G.nr.	1
		Br.nr.	

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Etter eigi røynsle og etter heimelsmenn.

SVAR

Lauving har vore mykje nytta i Vik ned gjennom tidi, men no er her eit omskifte som har byrja etter krigen. For skuld mangel på arbeidsfolk er det mange gardar som ikkje driv lauving lenger. Det har og si årsak i at bruksmåten vert omlagt, engkulturen vert driven meir rasjonelt, og så vert lauvet rekna for mindre verdfullt for. Likevel finn ein enno grender der lauvingi vert driven som før, og framgangsmåten er den same som i eldretid, det kan einast vera noko brigde med omsyn til transporten, då denne er vorten meir modernisert.

A.

1. På dei gardar der lauvingi enno er i hevd, vert det rekna som årvissat for. I turkesumrar vert det alltid lauvet å lita på.

2. Tidi for lauvingi står i høve til kva lauv ein tek. Når dei skal fella bjørk og brukka felle-lauv, må arbeidet gjerast kring St. Hans, for då er det sevje i treet og dei kan ta bork og never samstundes med lauvingi. Skal ein nava stuv, må lauvingi vera noko seinare, elles vil treet ha lett for å turkst ut av sevjetapet. Elles er det no mest vanleg å ta lauvingi etter at slåtten er ferdig. I eldre tider hadde dei

2

fast tid, som dei nøye heldt seg til.

Ein av heimelsmennene mine., Arnfinn A. Seim, Vik,

70 år, fortel at dei på hans gard alltid brukte 11.

(ellevte) veka før Mikjelsmesse til lauving på fjellet

Det mest vanlege lauvet her er bjørk. Elles vert

nytta: Or, osp, ask, alm, selje, raun, lind.

Me nyttar alltid namnet lauving.

3. Reiskapen er alltid snel, m. Navsnelen er gjerne

noko større og tyngre enn dei andre, for at ein skal

ha betre makt å hogga med den. Noko reiskap til å

bøya ned kvistene med er ikkje kjent her.

Askelauv som ikkje skal hoggast i kjerv, vert rispa
med handi. Likeeins almelauv. Noko til å verna handi
med er ikkje brukta her.

4. Etter det som er nemnt i sp. 2, nyttar ein både

felle- lauv og nave-lauv. På allegardar har ein ståande

navstuv, m, både på inn- og utmark. Ein kan nava

eit tre i ung alder, 15 år eller liknande, likeeins

kan ein gjera om til navstuv eit eldre tre.

Kor ofte ein kan nava same treet, heng saman med
kor voksterviljug skoggrunnen er. Etter gamalt var
lauvkogen delt inn i teigar, helst 7, og ein kom
såleis til å nava omatt ~~kvart~~ 7. år. Dette er helst
vanleg enno.

Ein brukar ordet: å nava (navar -navde - navt)

Ask og alm og til dels selje brukar ein å rispa dei
åri som ligg mellom kvar naving. Desse to treslaga
vert det teke godt vare på, og dei vert rekna som
verdfulle.

5. Rispelauvet vert brukta både rått og turka. Det

vert bore heim i sekker eller kiper, f. Kjerve-

lauvet handsamar ein så ymse. Når ein lauvar på

3345

3345

innmarki, hengjer ein lauvet kjervane opp i same treet, eller set dei langs hesjar, gjerde eller husvegger og turkar det. I utmarki må det alltid hengjast opp beistefritt, Orelauvet skal ha lite turk, det vert tekeinn halvturt, og gjerne strøtt med litt salt.

Ja, på fjellet og i liene vert det sett i stakk eller rauk, n. Min heimelmann, Arnfinn Seim, vil ha den tyding at eit rauk er ein mindre stakk med ca 18 tjug kjervar, men ein stakk er mykje meir. Den største stakk han har stekt(å stekkja- stekkjer- stekte- stekt) var på 14 hundre (eit lauvhundre er 6 tjug). Til vanleg var stakken på 10 hundre. Det vert då fyrst lagt eit underlag av skat. Sokkelen i stakken kallar ein støe, f. og det skal alltid vera eit visst samhøve mellom støa og talet i heile stakken- eitt tjug for kvart hundre. Kjervane vert lagt med toppen inn i midten, men ein brukar ikkje stong i midten. Til krage på top-

legg
pen ~~å~~ ein oppå nokre rå , små kjervar eller ein høgg
nokre einerbusker. Så ~~tille~~^{stikk} ein ned i 4 lange teinar,
gjerne av older, eller bjørk, knyter dei saman i toppen
som ein kross. Desse teinane kallar dei bogar. m.

Der det er geiter, brukar ein å kle stakken med einer og andre greiner, både for å leida væta bort med og for å verne lauvet frå geitene. Denne klednaden heiter åloge, f. Kjervane vart talde med talstikke, ein firkanta pinne, der dei sette anten eit strek for kvar lo kjerv eller ein kross for kvart tjug.

Ein kjenner ikkje her måten med surlauv.

6. Lauvet som er stekt i stakkk, vert köyrt heim på vinterføret i likskap med høyet. Det lauvet som er nærast garden, vert frakta heim når det er turt, ved köyring eller bering eller ved løypestreng.

I tau svarar ei mannsbyrd til 15-18 kjerv, ei kvinnebyrd ein del mindre. Min heimelmann, Anders Sæbø, 78 år, fortel at på hans gard brukte dei mykje å rulla det ned bratte lii i rodde. (ei rodde). Dei hogg seg då bandlegger- unge teinar av or eller bjørk, vreid dei i toppen til ei helde og la lo kjervar inni, så snørde dei bamlegggen godt til, stakk rotenden inn i rodda og let så rodda rulla nedetter.

7. Det vert teke lauv både i innmark og i utmark.

Etter gamalt har dei skift arbeidet såleis at ein kar og ei kvinne skulle arbeida saman. Karen nava og hogg riset av, kvinna batt det i kjerv. Tilsaman skulle dei ha 18 tjug.

8. Det er så ymse måtar å oppbevare lauvet på . Det mest vanlege er å leggja det i eit lauvstål i løa, eller brukte det til støe under høyet . Det er sauene som mest får lauvet, etter gamalt skal det vera 3 sauar om ein kjerv. No får dei lauv ein gong om dagen, i tidlegare tider gjerne to gonger om dagen. Ungfenad og unghest får ospelauv.

9. Askelauv og ospelauv vert rekna som sers godt, dertil alm.

10. Det er ålment på alle gardar å rispa almelauv til grisene. Dei plar samla det i sekker eller kiper eller bytter.

11. Felleslauving er ikkje brukte her i bygdi. Og ingen kan seia noko om at det har vore i bruk.

3345

3345

B.

1. Rakelauv.
2. Ospelauv og askelauv. Stundom older og bjørk.
3. Dei rakar lauvet saman med høyrive.
4. Det blir frakta heim i sekker. Aslelauv kan dei også leggja i tau og gjera byrd av det.
5. Før var det mest kvinnene og borni som gjorde dette arbeidet, no er det liksåmykje mannsarbeid.
6. Dersom det er høve til det, vert lauvet fyrst turka på bakken. I alle høve vert det lagt utover eit golv, ein lem eller på ein hjell og dei freistar å verna det frå å verta skjemt.
7. Dyri får det blanda med anna for, helst som sørpe. Ringaste lauvet, older og bjørk, vert og brukta til strøy(bol) i bingar(sau og kalv og gris)
8. Ospelauv og askelauv og alm. Almelauvet vart alltid gjeve til mjølkekyrne.
9. Rakelauv er rekna som hjelpefor. Såsant veret om hausten tillet det, er det vanleg at folk gjer seg nytte av rakelauvet.